

# SLUTTRAPPORT



ODDA 2015  
LITTERATURSYMPOSIET



## OPPSUMMERING

Litteratursymposiet i Odda blei i 2015 arrangert 7. – 11. oktober, og festivalen feira 10årsjubileum. Tema for Litteratursymposiet i Odda 2015 var **HEIM**.

Utgangspunktet for temavalet var todelt: til 10årsjubileet ville vi ta symposiet heim igjen, og flommen i Odda seinhaustes 2014 var ei så skjellsetjande hending at vi ikkje kom utanom det: Ein mørk tysdag hausten 2014 vakna Oddingane opp til eit mareritt: elva Opo, skrive inn i litteraturhistoria som Gryttens *Flytande Bjørn*, hadde gått langt over sine breidder og rive med seg fleire hus på vegen. Familiar mista sine heimar og eigedelane deira vart plukka opp i fjorden mange mil utover, i lang tid etter.



Foto: Marita Aarekol, BT

Dette motivere oss til val av årets tema HEIM. Kva har ein om ein mister alt ein eig? I løpet av året endra verdssituasjonen seg dramatisk. I lys av flyktningkrisa og folkevandringane fekk temaet ein enno meir alvorleg klang: Kva om du ikkje berre mister heimen din, men tryggheita, alle papira, heimlandet og familien din?

HEIM var utan tvil eit av dei betre (kanskje det beste?) tema vi har jobba med i symposiesamanheng. Det opna opp personlege og eksistensielle rom for både forfattarar, kunstnarar og tilhøyrarar.

Eit stort og dedikert publikum fekk sjå og høre nokre av våre beste forfattarar og musikarar i nære møte. I fem dagar fylte vi gatene og romma i Odda med litteratur, musikk og humor.

6900 publikummarar fann vegen til symposiets små og store arrangement. Det vart arrangert 79 program fordelt på om lag 20 arenaer, av desse var det 22 program for barn

og unge, på skular og barnehagar i Odda og Ullensvang, samt eit par opne arr. for barn. Om lag 80 artistar medverka i programmet: forfattarar, musikarar, utstillarar, ordstyrarar og paneldeltakarar.

Økonomisk gjekk Litteratursymposiet i Odda 2015 med eit stort overskot, på like i underkant av kr. 200 000. Vi opplevde ei monaleg auke i billettinntektene og andre eigeinntekter, langt over budsjettet, vi hadde mange samarbeidspartar som tok ein del av utgiftene, og vi hadde eit skjerpa fokus på utgiftssida. Sjå økonomi-del for utdjuping av det gode resultatet.

## PRAKTIK GJENNOMFØRING



I løpet av dei siste åra har Litteratursymposiet etablert seg som eit velsmurd maskineriet òg frå innsida. Vi har no fått etablert gode rutinar for logistikk og gjennomføring av arrangementa, og kunne i år gle oss over ein festival der det meste gjekk på skinner utan store problem av praktisk art. Styrken ligg i at staben (kulturavd. i Odda kommune med hjelparar) er rutinerte og trygge på sine oppgåver, løysingsorienterte og med høg arbeidskapasitet. Å arrangere ein festival av dette formatet krev sin stab, og i evalueringane i ettertid kjem det fram at fleire i staben opplever eit ekstremt høgt arbeidspress, og ynskje om å kunne vere tilstades på meir av festivalen.



Vi opplevde i år uvanleg mange avlysingar: fem sentrale forfattarar melde avbod like før festivalstart, noko som skapte utfordringa. ( sjå Program/deltakarar)

Ei utfordring for gjennomføringa av festivalen er at vi opererer på mange ulike arenaene. Det er mange lokale som skal klargjerast og haldast i stand, og det kostar sjølvsagt meir å ha teknisk rigg på fleire stader under festivalen. Odda har mange flotte arenaer som på sitt vis er rett til sin type arrangement, og måten Litteratursymposiet har drive arenautvikling er ein av symposiets styrker og noko av det som gjev festivalen sjarme, og ein viktig faktor til at symposiet har fått ein så solid posisjon i lokalsamfunnet: symposiet tek over byen.

Symposiet opplever stor velvilje i Oddasamfunnet, og får stort sett låne utstyr, lokale, bilar og folk til det som trengs. Det er tydeleg at dette er noko byen ynskjer.

Tilbakemeldingane frå både publikum og deltakande gjester er svært gode. Forfattarane skryt av godt vertskap, ein stort og godt publikum og generelt god stemning. Publikum let vel over nivået på arrangementa og den gode stemninga i byen.

## ADMINISTRASJON



Litteratursymposiet er eit kommunalt prosjekt under kulturavdelinga i Odda kommune, og har stor nytte av kommunale system og ressursar. Særleg gjeld dette tilsette i kultur som står for gjennomføringa av arrangementa og logistikken, og frå stab/fellestenester som fakturerer og står for utbetalingar i ettertid.

Symposiet har sidan 2009 hatt ein 50 % stilling for festivalleiar, engasjert i ei prosjektstilling i kommunen. Marit Eikemo hadde denne stillinga 2009-2014. Ingvild Ystanes (festivalkoordinator sidan 2011) vart konstituert ut 2014, og fekk eit 2årig engasjement som festivalleiar 2015-2016.



I kjernen av staben er også biblioteksjef Else Marie Sandal, som er ansvarleg for barne- og ungdomsprogrammet under symposiet. Kultursjefen har ei viktig rolle. Lage Thune Myrberget vart tilsett som ny kultur- og idrettssjef i Odda i mai, og nyttet dette første året til å bli betre kjend med festivalen.

Kunstnarisk har vi god nytte av programrådet, som er med på å setje tema, og kjem med innspel på programmet undervegs. Forfattarane Frode Grytten og Marit Eikemo, forlagsredaktør Frode Molven, designar Augon Johnsen, kultursjef, biblioteksjef og festivalleiar er med i rådet.



Vi engasjerte ein person som festivalassistent i ein 50 % stilling 4 veker før festivalstart, for å avlaste festivalleiar med praktiske gjøremål. Å drifta ein festival av dette formatet, med programmering, forfattarkontakt, logistikk, marknadsføring, søkerader og sponsorarbeid m.m. er krevjande. Festivalen blir veldig sårbar når berre ein person er fullt inne i oppgåvene og planane.

Litteratursymposiet i Odda har i dag ein for liten administrasjon, og det er eit stort behov å få inn fleire personer i sentrale roller, særleg i perioden opp mot festivalavviklinga, då arbeidspresset er størst. Vi ser dette i samanheng med ambisjonane om å byggje opp ein litterær aktivitet gjennom året i Sentralbadet Litteraturhus, og freistar byggje opp ein stab som kan verke på begge stadene. På sikt er det ein ambisjon å kople desse aktivitetane i hop.

## FRIVILLIGE



Utan eit dedikert lag av frivillige hadde det ikkje vore mogleg å arrangere symposium i Odda. Mange av dei frivillige er med år etter år og er ikkje vanskelege å spørje om vakter. «Dette er årets høgdepunkt. Klart vi vil hjelpe til», er gjennomgangstonen.

Bluesklubben Lokst Utøve var som alltid teknisk arrangør. Dei gjer ein uvurderleg innsats med å klargjere arenaer til bruk, dei har kontroll på teknikken og kontakt mot lydfirma, er vakter og billettselearar i Lindehuset og hjelper til med store og små ting som dukkar opp undervegs. Og når arrangementa er slutt, tek dei fatt på nedrigginga med godt humør. Stein Egil Legård er primus motor for gruppa og jobbar døgnet rundt under symposiet.



Om lag 80 personer var i sving som frivillige under symposiet, dei fleste med fleire vakter over fleire dagar.

Frivilligsentralen i Odda v/ Elin Myran organiserte dei frivillige i forkant og under festivalen.

**FESTIVALKONTORET** var i det for sesongen tomme lokalet etter turistkontoret på torget, noko som fungerer godt for vårt bruk. Her hadde vi mottak av forfattarar, organiseringa av dei frivillige, billettsal, bokhandel og kontorplass til festivalleiar, sentralt plassert.

Ei utfording er at det framleis er mange turistar innom Odda i oktober, og dei oppsøker festivalkontoret. Turistkontoret er stengd ned, og vi har ingen info og materiell og må bare vise vidare. Det opplevast håplaust å vere turistkontor i tillegg når det koker, når ingenting er lagt til rette for at dette skal verke.

Den faste festivalkontorverten vart pga. sjukemelding indisponert, og vi måtte hive oss rundt og finne andre pålitelege folk som kunne vere vertskap her. Til tider vart det vel hektisk for dei som skulle betene festivalkontoret. For framtida må vi finne ei betre organisering av dette arbeidet.

## PUBLIKUM OG BILLETTAR



Besøkstala for Litteratursymposiet i Odda landa på 6900 for 2015. Dette er fleire enn det har vore dei siste par åra, men ikkje tidenes rekord. Gledeleg i år var at auka særleg kom på dei litterære samtalane på dagtid. Tidlegare har det vore jamt over fullt på dei større ettermiddags- og kveldsarrangementa, men mindre på dagtid. Vi tenker at vi på eit vis har oppdratt publikum til å driste seg vidare på smalare veger og til å tørre å utforske ukjende program og hendingar. Tilbakemeldingane frå publikum er i alle fall dette: dei har tidlegare høyrd at magi oppstår på mindre scener, og vil oppleve det sjølv. For forfattarar og aktørar på scena gjev det god energi å snakke for full sal.

Med tanke på personalsituasjonen og ressursane tilgjengelege, har vi prioritert å stramma opp programmet og flyten i det i staden for å streba etter stadige utvidingar, noko som vi meiner har resultert i eit betre program og ei betre festivalopplevelingar både

for publikum og for arrangørar.

Publikum var som tidlegare ein fin miks av lokale, utflytta oddingar, hyttefolk, besøkande frå nabokommunane og tilreisande gjester.

Sett i forhold til befolkningstall i kommunen og omlandet, er symposiet kanskje den best besøkte litteraturfestivalen i landet?

## ØKONOMI

Det har teke noko tid å få oversikt over økonomien i prosjektet i år.

Litteratursymposiet hadde eit positiv avvik i 2015 på 200 000 (rekneskapsførd). I realiteten er dette noko lågare, då utgifter på omlag 50 000,- (honorar, overnatting, festival-assistent, bøker) vart fakturert så seint at det ikkje kom med før rekneskapsåret var avslutta.

Noko av lønsutgiftene til festivalleiar er ikkje førd på prosjektet, men på kultur sitt rammebudsjett, difor kjem det ikkje fram av den ordinære rekneskapsrapporten. Sjå vedlegg for detaljar og forklaring.

Særleg gledeleg var det at vi opplevde ei monaleg auke i billettinntektene og andre eigeinntekter: med 100 000 over budsjettet. Billettinntektene landa på like i underkant av 500 000, noko som utgjer om lag 30 % eigeinntekter (mot 25 % i 2014). Dette er svært høgt samanlikna med andre litteraturfestivalar.

Usikkerhet knytt til tilslag på søknader og totalrammer gjorde at vi hadde eit skjerpa fokus på utgiftssida, kneip inn på annonsering og utsette alle investeringar til 2016 (dynamiske nettsider, merch, datautstyr mm).

Avbod frå fem forfattarar gav mindre utgifter enn budsjettet til reise, honorar, kost og losji.

Vi lukkast med å skaffe eksterne samarbeidsaktørar som bidrog på finansieringa, f.eks. NrK P2, Rokkansenteret, Rikskonsert, NOPA, Knudsen-prosjektet mm.

Samanlikna med tidlegare år hadde vi eit lite kostbart bestillingsverk.

Inntektene fekk vi i 2014 frå Norsk kulturråd, Sparebanken Vest/Visjon vest, Fritt ord, Odda kommune, Hordaland fylkeskommune, Odda By, Ullensvang herad, Odda Energi, Halldor Opedals fond samt mindre summar frå lokalt næringsliv, samt eksterne medarrangørar som dekka honorar og deler av reise for forfattarane: NRK, UIB, Fylkesbiblioteket m.fl.

Personalressursane sette ein stoppar for arbeidet med å jobba med å få på plass fleire lokale sponsorar. Med berre ein person tilsett i 50 % stilling var det lite rom til å bruka tida på dette. Søknads- og sponsorarbeid er tidkrevjande arbeid, og festivalleiar hadde liten arbeidskapasitet til å prioritere dette.

Overskotet er sett på fond øyremerka prosjektet, og kjem godt med når vi no oppdaterer nettsider og gjer fleire mindre investeringar.

Sjå detaljar i vedlegg 1: økonomirapport

## BOKHANDEL



Etter at Libris Odda la ned har litteraturbyen Odda ikkje bokhandel. Ein litteraturfestival utan bøker er for trist, og dei siste symposia har vi sjølv stått for festivalbokhandelen. Vi har gjort avtalar med forlaga, og i 2015 greidde vi tilpasse tingingane til å ikkje gje for mykje returvarer. To av våre frivillige fekk ansvar for å drifta bokhandelen: frakte bøker til dei ulike arenaer og utsalsplassar til rett tid, halde telling og etablerer pop up-sal i gågata.

Salet var varierande: enkelte titlar vart fort utseld, andre selde vi knapt ei bok av. Vi har som politikk at alle forfattarar som kjem skal ha bøker i bokhandelen vår, men vi tilpassar sjølvsagt bestillingane etter forventa sal og attraktivitet.

## PROGRAMMET – Haustens vakraste eventyr

Litteratursymposiet kunne nok ein gang presentere eit program som heldt høgt kunstnarisk nivå og som vekker interesse langt utover Oddas grenser.

## DELTAKARAR

Som vanleg var deltakarane ein fin miks av kjende og kjære symposievener og nye stemmer.

Vi opplevde i 2015 fleire avlysingar frå forfattarar heilt på tampen: Fleire av dei nye forfattarane (dvs. som ikkje har vore i Odda før) trakk seg: Jan Kjærstad, Tove Nilsen, John Erik Riley og Johan Harstad. Det må seiast at alle hadde legitimate grunnar for å avlyse, men slikt skaper hovudbry for arrangørar tett på festivalstart. Vi valde å ikkje erstatte forfattarane med nye invitasjonar, då programmet allereie var såpass omfattande som det var, og det å kome inn med nye arr. etter at program og katalog er trykt av erfaring sjeldan er ein suksess.

Stor var difor gleda over å oppleve at programmet sto fjellstøtt på eigne bein, utan desse toppnamna. Vi ommøblerte litt, sette ved eit høve inn eit bonusarrangement og avlyste andre arr., utan av heilskapen tok særleg skade av det.

### Nokre av tilbakemeldingane frå deltakarane:

*"Ren magi. I år var det ren magi."*

- Davy Wathne

*Wow, for en fantastisk festival! Gratulerer, og tusen takk igjen for at du inviterte meg.*

*Det var en skikkelig opptur. Skal spre det glade budskap til alle jeg kjenner :)*

- Inga Marte Thorkildsen

*Kjære Ingvild og Else Marie og alle gode symposiemedarbeidarar. Stor takk for ein flott festival. Det var stas å få vera i dette magiske universet dei dagane! Tusen takk for at eg blei invitert med!*

- Eva Røyane

## **FORFATTARAR / ORDSTYRARAR/ DEBATT**

Alexander Løken  
Anna Kleiva  
Anna R. Folkestad  
Anne Oterholm  
Birgitte Lange  
Bjarte Breiteig  
Erlend Loe  
Espen Stueland  
Eva Røyrane  
Fredrik Stenhjem Hagen  
Frode Grytten  
Gudmund Skjeldal  
Hilde Danielsen  
Inga Marte Thorkildsen  
Inger Bråtvæit  
Jan Kjærstad (avlyst)  
Jens M Johansson  
Johan Harstad (avlyst)  
John Erik Riley (avlyst)  
Kaja Schjerven Mollerin  
Kjersti Wøien Håland  
Jan H. Landro  
Knut Grove  
Knut Olav Åmås  
Lars Mæhle  
Lars Ove Seljestad  
Lisbeth Dreyer  
Lotta Elstad  
Margunn Vikingstad  
Marit Eikemo  
Pedro Carmona-Alvarez  
Paal M. Elstad

Pål Norheim  
Randi Bårtvedt  
Ruth Lillegraven  
Simon Stranger  
Siri Helle  
Skrivekunstakademiet i Bergen  
Svein Ivar Angell  
Terje Kollbotn  
Tove Nilsen (avlyst)  
Vigdis Hjorth  
Wenche Mühliesen

## **MUSIKARAR / ANDRE KUNSTNARAR**

Annlaug Børsheim  
Bård Ose  
Davy Wathne  
Elin Furubotn  
Ensemblet NING  
Fredrik Færden  
Hans Kristen Hyrve  
Ingemund Askeland  
Ingerid Jordal  
Ivar Thormodsæter  
Margot-Helene Rosvold  
Mari Ljones  
Music for a while  
Nuray Yildirim Gullestad  
Rannveig Djønne  
Roald Kaldestad  
Roy Ole Førland  
Salongen  
Skule Eriksen  
Svein Roger Karlsen  
Sverre Tusvik

## LITTERÆRE SAMTALAR



Dei gjestande forfattarane har ulike inngangar til tema HEIM. I nokre forfattarskap er tematikken veldig openbar, andre har ei meir generell inngang. Dei ulike litterære samtalane viser kor ope tema var; kor mange vegar inn det gav. Tema skal uansett ikkje bli ei tvangstrøye der alt skal dyttast inn i ein mal, men ei hjelp i programmeringa. Interessante forfattarskap og tema vil alltid vere aktuelle, sjølv om det tilsynelatande ikkje har noko med årets valde tema å gjere. Her er ei kort oversikt over litterære samtalar som fann stad under Litteratursymposiet 2016:

**HEIMSTADDIKTAREN** Lars Ove Seljestad i samtale med Jan H. Landro om klassereisa, heimstaddikting og arbeidarlitteraturen.

**OKKUPERT** Simon Stranger i samtale med Ruth Lillegraven om romanen *Det som en gang var jord*.

**FAMILIEN** Jens M. Johansson og Vigdis Hjorth i samtale med Margunn Vikingstad om å skriva om familien.

**FLOMMEN** Espen Stueland i samtale med Margunn Vikingstad, om flommen på Vestlandet i 2014, klimaendringar og vårt forhold til naturen slik det kan lesast av i poesien og i det politiske språk.

**MØT ANNE OTERHOLM** Margunn Vikingstad leia oss inn i Anne Oterholm sitt forfattarskap.

**FORFATTARAR OG POLITISK ENGASJEMENT** Ein opprømt samtale mellom Lotta Elstad, Vigdis Hjorth og Kaja Schjerven Mollerin. Om Handke-debatten, Forfattaroppropet, Israel, klassekamp og pamfletter, og korleis litteraturen kan verke i det polistiske feltet.

**SENTRALBADET POESI**, symposiets faste poesiprogram i Sentralbadet litteraturhus trakk fullt hus. Årets Oddadebutant Paal M. Elstad, prisvinnande Anna Kleiva og multi-kunstnar Pedro Carmona-Alvarez møtte kveldens programvert Fredrik S. Hagen til samtalar om og opplesing frå sine nye diktsamlingar.

**TILVÆRELSESENS KAMPSONER** Marit Eikemo og Vigdis Hjorth gav oss ein slags tilstandsrapport på Norge anno 2015 - slik dei ser landet vårt for tida. Hjorth las med stor iver si juleforteljing. Ordstyrar var Jens M. Johansson. Erlend Loe skulle vore med, men melde avbod til denne dagen.

**MØT WENCKE MÜHLEISEN** Kjønnsforskar og tidlegare performance-kunstnar Wencke Mühleisen har sprengt rammene for den tradisjonelle heimen. I sin siste roman *Kanskje det ennå finnes en åpen plass i verden* konfronterer Mühleisen faren si fortid i Wehrmacht og sine egne erfaringar frå eit radikalt kunstnarkollektiv i Østerrike, og søker samanhengen mellom dei to. I samtale med Hilde Danielsen.

**BOKPRAT: MINE FEM ÅR SOM FAR** I *Mine fem år som far* teiknar Bjarte Breiteig eit portrett av ein mann full av kjærleik og mørke, og viser fram den norske farsrolla slik vi aldri har sett henne før. I samtale med Marit Eikemo.

**ALT INKLUDERT** Marit Eikemo sitt blick på samtidene er skarpt og relevant. I si siste bok skriv ho om ei mor og dotter som utan flyttelass kjem til eit nabolag, og korleis dei freister finne seg til rette der. Bokprat ved Kaja Schjerven Mollerin.

**MØT INGER BRÅTVEIT** I samtale med Margunn Vikingstad om *Alice A4* og forfattarskapen forøvrig.

**TABU** Kva er tabu i vår tid? Tre forfattarar med kvar sin inngang til temaet møttest til samtale. Inga Marte Thorkildsen slåss for barn sine rettar og vil bryte med tabukulturen kring barn og vald, Wencke Mühleisen har sprengd mange grenser, både i sitt liv og i sin litteratur, og Bjarte Breiteig har skrive ein roman sett frå ein overgripars side. Den noko krevjande jobben som ordstyrar hadde Jens M. Johansson.

**DEI SOM IKKJE HAR EIN HEIM** Forfattar Simon Stranger og forfattar og ass. dir. UDI Birgitte Lange i samtale om asylbarna, folkevandringane og middelshavskrisa.

**DU SER DET IKKJE FØR DU TRUR DET** Vald og overgrep mot barn skjer heile tida, over alt. Dette er opphav til ei rekke helseproblem: fattigdom, rus, såkalla åtferdsproblem, sjølvmur og sjølvmurdforsøk. Kvifor gjer vi ikkje meir for å hindre vald og overgrep mot barn? Fordi vi ikkje vil tru at det skjer. Og når vi ikkje trur det, ser vi det heller ikkje. Inga Marte Thorkildsen møtte Hilde Danielsen til samtale, og sprengde bibliotekets kapasitet.

**BILETET AV HARDANGER** Hardangerkommunane står no midt i debatten om kommunesamanslåing og kulturforskellar mellom landbruk og industri. I samarbeid med Rokkansenteret på UIB inviterte vi til ein samtale om Hardanger, og om Hardangeridentiteten kan konstruerast. Kan ein velje seg ein identitet? Hardinger frå heile regionen stilte då odding Svein Ivar Angell og vossing Knut Grove, to av forfattarane av *Hardanger - ei regionhistorie*, møtte odding Knut Olav Åmås til samtale, leia av Randi Bårtvedt, styrar for Hardanger og Voss museum.

**HEIMEKJENSLA** Sine ti første år levde Pedro Carmona-Alvarez i Chile, før familien måtte flykte frå diktaturet. Seinare kom familien til Norge, Pedro vaks opp på Kolbotn. Pål Norheim er misjonærbarn, og vaks opp på ulike stader i verda. Som voksen reiser han mykje rundt i verda. Dei møttest til ein samtale om heimekjensla, leia av Kaja Schjerven Mollerin.

## FOREDRAG

### FABRIKKBYANE



Landets beste arkitektar vart engasjerte når dei nye industristadene skulle reisast tidleg på 1900-talet. Odda fekk byggarar, forsegjorde arbeidarstrøk, fornemme villaer, imponerande skulebygg, monumentale kraftstasjonar og dominerande industrianlegg. Kva skjer når fabrikkbyen blir kulturarv? Foredraget til forfattar Eva Røyrane om heimar og arkitektur trakk fullt hus.

## CECILIE SLÅTTELID OG DRAUMEN OM RUSSLAND



Spørsmålet om kva som er ein god heim handlar og om kva som er eit godt samfunn. Mange arbeidarkvinner i Odda i mellomkrigstida bar på draumar om ei betre organisering av samfunnet, med nye vilkår både i og utanfor heimen. Hilde Danielsen fortalte historia om Cecilie Slåttelid (1872-1944), i museets arbeidarbustader.

## BONDEN, HAMSTERHJULET OG KJEDEMAKTA

Norske bønder blir seks prosent meir produktive kvart år. Det er tre gonger så mykje som resten av Noreg. Kven tener på det? Knappast bøndene sjølve, og knappast forbrukarar som er ute etter mangfald og særpreg. Frukt- og grønsaksbønder vert færre og større i takt med den auka makta hjå daglegvarekjedene. Er det på tide å sjå seg om etter andre mål? Foredrag ved Siri Helle på NIBIO; forskingsstasjonen i nabokommunen Ullensvang.

## 10 RÅD FOR BETRE BARNEIDRETT

Barneleiken er sett i spagaten mellom overambisiøse og overbeskyttande vaksne, skreiv Gudmund Skjeldal i ein kommentar. Vi inviterte foreldre og støtteapparata til idrettsbarn til eit møte med tidlegare langrennsløparen, som har tatt eit farvel med toppidretten.

## BIBLIOTEKSEMINAR - BOKDYKK

I samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek arrangerte vi eit 2-dagars seminar, for bibliotekarar, men ope for alle. Biblioteklova gjev biblioteka ei ny rolle som arrangørar og litteraturformidlarar. Bibliotekarar lever med bøker, men korleis er det å snakke med forfattaren om bøkene? Korleis stiller gode spørsmål? Og ikkje minst: Kva må ein tenke på for å lage eit bra arrangement?

Tove Nilsen var planlagd som forfattargjest ved dette seminaret, både med tankar om det å vere forfattar, og som forfattaren bibliotekarane og Jan H. Landro arbeidde med som førebuing til bokdykk. Vi fekk inn Ruth Lillegraven og Anne Oterholm som erstattarar. Ei føresetning for bokdykk-kurset var at deltakarane hadde lese bøkene ein skulle jobbe med. Lillegraven er ein forfattar dei fleste bibliotekarane i vest har lese, og ordstyrar har samtala med Lillegraven tidlegare. Ho var ein god erstattar. Anne Oterholm hoppa inn på kort varsel og snakka om litterære samtalar, både frå ein forfattar og ein ordstyrar sin ståstad.

Fylkesbiblioteket var svært nøgde med kurset og ynskjer å vidareføre samarbeidet med årlege samlingar i Odda under symposiet.

## UTSTILLINGAR

**FLUKT OG FLOM** - Historier om heim gjennom tapte, medbrakte og berga gjenstander.



*Ein heim er meir enn eit hus. Heimen er som eit personleg museum der vi gjennom åra samlar ting. Korleis endrar katastrofar, natur – eller menneskeskapte, vårt syn på kva ein heim er?*



I utstillinga «Flukt og flom» inviterte vi flyktingar, og nokre av dei som mista husa sine i flommen til å vise fram sine mest verdifulle eigedeler: gjenstandar som vart redda opp frå vatnet, eller gjenstandar tatt med til Odda gjennom ei lang flukt. Sorga og saknet etter tapte heimar er noko dei har felles.

Utstillinga var eit grep for å heva blikket og ikkje berre sjå på vår eigen heim og det norske. Nuray Gullestad var idémakar og partnar i gjennomføringa. Ho kom sjølv til Noreg som flyktning for nærare 20 år sidan. Utstillinga var knapp, med få gjenstandar, men alt vist med respekt: bunadene til Oromofolket, bønnekjedet frå Syria, sjokoladeeska med brev og teikningar vart vist side om side med bunader, kister og foto henta opp frå fjorden etter flommen.

Utstillinga var open nokre timer kvar dag under symposiet, med musikk, fordrag og samtaler. Søndagen heldt Birgitte Lange, forfattar av boka *Hjemmestedet - Lengselen etter å komme hjem*, og av profesjon ass. dir. i UDI, foredraget «Flukt og flom - når heimen forsvinn».

## SYMPOSIEUTSTILLINGA: HEIMA HOS

Kor er heim? Det er over 25 år sidan Marit Eikemo flytta frå huset på Berjaflot, men ho snakkar framleis om at ho reiser heim til Odda. Både Lars Ove Seljestad og Frode Grytten har gjort det til karriere å vere frå Odda. Barndomsheimen til Frode på Hjøllo står der den alltid har stått, og han vender stadig tilbake. Men i kvardagen er det vel Bergen og familien der som er heim? Lars Ove har ingen barndomsheim å koma heim. Mora har fått ny leilighet i Bygda, og når han er heima, sov han i Tyssedal. Knut Olav Åmås sa lenge at han kjem ikkje frå Odda, han kom frå Odda. Koss ser han på det i dag? Er heimen der familien din er? Far til Hilde Danielsen har flytta frå Odda til Herand. Det er dit ho reiser når ho skal heim. Svein Ivar Angell reiser heim til familien i Skare, og heim til familien i Bergen.

Symposieutstillar var fotograf Ingerid Jordal. Ingerid er, som forfattarane ho fotograferte, utflytta odding. Jordal blei med dei gjestande Oddaforfattarar heim og portretterte dei «heime hos».



*- Eg er heima i Odda, men eg eg har ingen heim i Odda lenger. Far arbeidde på Smelteverket, og som smelteverksarbeidarar flest, leigde han hos fabrikken. Under oppveksten min flytta me difor rundt i Røldalsvegen ettersom familien auka eller far steig i gradene. I Bygda, der mor mi bur no, har eg funne meg eit hjørna av sofaen som er mitt.*

Lars Ove Seljestad, hos mor Gerd Seljestad

## KVELDSARRANGEMENT/ FORESTILLINGAR

### LITTERÆR KRAFTSTASJON



Opningsforestillinga i Lindehuset skal vere ei forestilling i skjeringspunktet mellom det seremonielle, det humoristiske og det kunstnarisk nyskapande.

Tyssedalkoret sette stemninga med *Vi bygger landet*, i år med Tora Augestad som solist. Anne Oterholm heldt opningstalen, og Oddaforfattar Lars Ove Seljestad var invitert til å skrive årets essay om tema. Begge leverte personlege og opnande tekstar og tankar om heim.

Espen Stueland vart invitert til å skrive og framføre ein tekst om klima, og kom med ein fårikåltekst: ein hyllest til maten og lukta av heim. Sverre Tusvik delte ut Melsom-prisen til Anna Kleiva og Siri Helle. Ein av Frode Grytten sine alter ego, Helge Olsen, dukka som alltid opp og summerte opp året på sedvanlig vis. Skodespelar Svein Roger Karlsen (sist sett i Odda som gjennomsnittsmannen i Det norske teater si oppsetting *Bikubesong*) framførde eit utdrag av Johan Harstad sin tekst *Manifest for folk flest*, før Music for a while forførte oss alle med svisker, Kurt Weill og kabérét-viser.

### NATTSVØMMING – årets nykomar!



På med badebuksa! Vi inviterte til nattbad i Oddas legendariske folkabad. Ei magisk stund der Anna Kleiva las dikt, Hans Kristen Hyrve lydsette lokalet, og Frode Grytten las tekstar inne i ein badeball, ikledd dress. På stupetårnet song Pedro Carmona-Alvarez R.E.M. sin «Nightswimmer».

Arrangementet og bileta derifrå fekk mykje merksemd i media. Eit særskilt vellukka grep på arenautvikling og publikumsrekrytering!

### TA MEG HEIM

«Heime er viktig. Heime rammar inn dei åra vi er her på planeten. Heime får deg til å nynne, heime får deg til å plystre. Heime er plassen du reiser frå på leit etter det . du finn når du kjem heim igjen. Heime er ikkje eit hus, heime er å vere med dei du elskar.»



Kveldsforestillingane i Lindehuset med Frode Grytten med band har etter kvart blitt ein institusjon. Så óg i 2015. Med bandet i ryggen utforska Grytten kva det vil seie å vere heime. Eit musikalsk kampreferat frå heimebane, poesi og tonar, tøys og kjærleik, det var Flaming Lips, Springsteen, Tom Waits, Odda-Tom og verda der ute. For full sal (450 publikummarar) gav Grytten og bandet alt. Tekstane var personlege, låtvalet var godt, og halve salen sat og grein.

**FOTBALLDEBATTEN** handla i år sjølv sagt om heimelaget. Brannfan til krampen tar han, Davy Wathne, styrte skuta når supporterkjærleik kom opp til debatt mellom Frode Grytten, Ira Maria Seim Hagen og Jens M. Johansson.

## KNUD KNUDSEN



I 2015 var det 100 år sidan fotografen Knud Knudsen, frå Tokheim i Odda, døydde. Dette vart markert på ulikt vis i Odda: m.a. med ei større utandørs fotoutstilling. Knudsen reiste land og strand rundt i perioden 1868 - 1915 og dokumenterte landet med sine kamera. Lisbeth Dreyer og Skule Eriksen har arbeidd med å løfte Knud Knudsen fram frå fotohistoria. I jubileumsåret tok dei Knud Knudsen heim til Odda, med premiere på filmen *Album* og lansering av boka *Knud Knudsens album* under symposiet.

## LITTERÆR HEILAFTEN



Eit av flaggskipa til symposiet har vore fredag kveld i Lindehuset, der fire forfattarar les frå årets beste bøker, før bokbad med forfattar. Dette arr. var det som vart mest skadelidande av avlysingane: Kjærstad og Harstad skulle lese her. Etter avlysingane kom Tormod Haugland og Simon Stranger inn. Dette er eit arr. som tidlegare år har seld veldig godt, det har tidvis vore utseld. Vi har dermed blitt bortskjemde, og synast 280 gjester på denne var lite...

## SOGA OM SESELJA



Gjennom ord, song og tonar fekk vi møte den einslege syerska Seselja, som lever og arbeider på første halvdel av 1900-talet. Dikta som «Soga om Seselja» byggjer på er frå Ruth Lillegraven si bok *Urd*, musikken er ein kombinasjon av nyskrive musikk og tradisjonell folkemusikk, arrangert av Rannveig Djønne, framført av Djønne og Tuva Syvertsen. Forestilling i Ullensvang kyrkje, Lofthus søndag kveld.

## NOPA-SAMARBEID



Ny samarbeidspartner for symposiet var i 2015 NOPA. «Tekst som blir musikk» var tema for artistsamarbeidet. Vi ynskja å gjøre den skapande prosessen meir forståeleg og synlig, særleg for målgruppa ungdom. Artist og songskrivar Elin Furubotn vart engasjert til følgjande serie:

- Furubotn spelte solokonsert på utestaden Tyst i Røldal. Heile konserten vart filma med fire kamera.
- Elin Furubotn spelte solokonsert på Hardanger Hotel laurdag (gratiskonsert). Under konserten hadde ho ein fagleg samtale med kultursjef Lage Thune Myrberget om tema "tekst som blir musikk".
- Videodokumentasjon: Kultursjefen var saman med Furubotn i sitt filmstudio. Her vart Elin intervju og dokumentert. Hun fortalte meir inngående om prosessen med å skrive fire av hennar eigne songar.

- **UNDERVISNINGSOPPLEGG:** I etterkant av Furubotn sitt besøk i Odda vart alt det digitale materialet klippa og redigert. Materialet er godkjend av Furubotn og lagt opp på ei egen nettside. Her finn vi Elin Furubotn si framføring av to songar på Litteratursymposiet, lenker til hennar studioinnspeling av songane, filmar med hennar forklaring til tekstane og skriveprosessane, spørsmål knytt til tekst, lyd, arrangement og visuell framstilling.

Den pedagogiske ramma har fokus på det faglege ved teksten som grunnlag for musikk og video. Dette materialet gjev publikum ei djupare forståing av Elin Furubotn sitt arbeide og NOPA-medlemmers verksemd.

Nettadressa for prosjektet er: <http://tekstsomblirmusikk.blogspot.no/>

### **RIKSKONSERT av og med NING**

Noreg er ikkje lenger kva det ein gang var, det ser det ut som om dei fleste er einige om. Men kva er Noreg i dag? Kor er landet og befolkninga på veg? Kva skal vi samlast om, og kva rolle kan musikken eventuelt spele? RIKSKONSERT er ei blanding av talkshow, 17. mai-møte, foredrag og forestilling; det er statistikk, politikk, bunad og is - men først og fremst er det musikk. Med: NING, Odda Musikklag og Odda songlag.

### **KONSERT: THE FJORDS**

The Fjords byr på mørke fortrulegheiter på ei seng av glitrande synth og elektronika. Tekstane strekker seg frå kjærleik, liv, tap, tilknyting, forureining og den industrielle tidsalder, dog ikkje alltid i den rekkefølgja. Release-turné for debutalbumet *Silhouettes*.

### **MORELLSWINGERS SPELER TIL DANS**

Heilshusarr på Hardanger hotel laurdag kveld.

## **GRATISARRANGEMENT**

### **MURBOLIGEN 100 ÅR – BAKGÅRDSFEST**



I 2015 var det 100 år sidan Murboligen sto ferdig. Arkitekt Egill Reimers si bustadblokk i Odda hadde 44 leilegheiter og skulle ta unna for bustadnauða, som veks i takt med industrireisinga. I *Bikubesong* fylte Frode Grytten Murboligen med alle slags fantastiske skapningar, og bikuben har levd vidare. Det blei tidenes suksess på Det Norske teater, det blei Litteratursymposium i Odda, det blei eit begrep i seg sjølv.



Laurdagen inviterte vi til folkefest i Murboligen, med omvisinger, opplesing og utstilling, taffelmusikk og grillmat, med bestillingsverket *Lyden av 100 år*, av og med Frode Grytten og Hans Kristen Hyrve. Her markerte vi óg at Litteratursymposiet i Odda feira 10årsjubileum i 2015. Ei særslig hyggjeleg ettermiddagsstund.

## SALONGEN – Live radio



Radioprogrammet **SALONGEN** kom til ODDA, heim til sin huspoet Frode Grytten og sendte live frå kinosalen med Grytten som gjest. I samarbeid med dei arrangerte vi **Salonghistoriekveld** i Sentralbadet litteraturhus, der seks personer fortalte ei sjølvopplevd historie. Opptak frå desse vart seinare sendt på radio.

**BEDRIFTSBESØK** Fast serie med forfattarbesøk hos samarbeidspartnerar og andre fine stader. KJERSTI W. HÅLAND vitja ODDA ENERGI, DAVY WATHNE var hos NLI, GUDMUND SKJELDAL snakka om nest-bestfilosofi hos SPAREBANKEN VEST og ANNE OTERHOLM las frå Liljekonvallpiken mellom malingsspann og tapetprøvar hos FARGERIKE TORKELSEN.

På **LINDEPLASSEN** var det dagleg formiddagskonsertar, open mic og geriljaopplesing ved elevar ved Odda ungdomsskule.



**GATEPRAT** I 2015 fekk vi endeleg handelsstanden (Odda By) med som sponsor, og kvitterte med gateprat i gågata: Kjersti W. Håland i samtale med Fredrik S. Hagen om *Dommedøgn*: mange stemmer frå den fiktive industristaden Berg, der fabrikken er nedlagd og naturen truar.

**SKRIVEKUNSTAKADEMIET** Elevar og lærarar frå Skrivekunstakademiet i Hordaland besøkte festivalen, som deltokarar og med eit eige opplesingsarr. ved årets studentar og lærarar Tormod Haugland.

**DIKT OG LØER I RØLDAL** Pedro Carmona-Alvarez besøkte verdas minste litteraturhus og las frå *Samtaler med onkel Nica og tante Viola*. Løe-vandring etterpå i fotefara til «Sjå løo».

## PROGRAM FOR BORN OG UNGE



Elevar i Odda og Ullensvang fekk besøk av nokre av våre finaste forfattarar. Anna R. Folkestad møtte barnehagane i Odda. Til barneskulane kom Roald Kaldestad og Roy Ole Førland med forestillinga *To hundre og sekstini dagar* - eit musisk og poetisk møte med ei regnvêrsfortelling. Ungdomsskulane fekk besøk av Simon Stranger med sin triologi om papirlause flyktningar, og Lars Mæhle som m.a. har skrive ein klima-thriller frå framtidia. Inga Marthe Thorkildsen held aulaforedrag på Odda Vidaregåande skule.

Odda Ungdomsskule har eit relevant valfag: Fag for sal og scene. Vi hadde ein utvekslingsavtale med dei, der to elevar hospiterte hos oss kvar dag. Dette vart veldig seint avklara, og vi fekk ikkje førebudd det så bra som vi kunne, og difor ikkje nytta ressursen optimalt. Dette kan berre gjerast betre for framtidia.



Odda ungdomsskule hadde i forkant av symposiet eit skriveprosjekt på facebook, der dei skreiv #Heim – tekstar med utgangspunkt i dører – kva skjuler seg bak dei? Tekstutdrag frå desse vart plasserte rundt i byen og elevane framførde

tekstar på Lindeplassen under symposiet. Se videopresentasjon frå NKUL:  
<https://www.facebook.com/svenbrekke/videos/10153603096317621/>

På utstillinga Flukt og flom las elevar frå Odda barneskule tekstar dei skreiv etter flommen i 2014.



**SMÅSYMP** er symposiets opne program for barnefamiliar på laurdagen. Erlend Loe las frå barnefavoritten *Rumpemelk frå Afrika*. Forestillinga *Morgenfrosken* er basert på diktboka *Når Morgenfrosken syng* av Per Olav Kaldestad. Annlaug Børshheim har laga musikken og framførde den saman med Mari Ljone og Ingemund Askeland.

**FAMILIETUR TIL LILLETOPP** I samarbeid med Barnas Turlag arrangerte vi søndagstur til Lilletopp, Tyssedal kraftanlegg. Inger Bråtveit las i fordelingsbassenget.

## VANDRINGAR



### OPO RUNDT, MIN VESLE BY

Vandring over Mannsåker med Siri Helle og Eva Røyrane som guidar og samtalepartnarar.  
*Det skjulte landbruket og Fabrikkbyen.*



### SMELTEVERKET RUNDT PÅ 100 MINUTT


Ei vandring med to kjemper frå Odda: Fabrikkdiktar og Oddas heimkomne son, sosiolog og tidligare smelteverksarbeidar: Lars Ove Seljestad og den legendariske fagforeningsleiaren og Raudt-politikaren Terje Kollbotn. Saman tok dei publikum med inn i ruinane av det legendariske Odda smelteverk.



### LÅVE-VANDRING I RØLDAL

Låven er eit landemerke i det norske kulturlandskapet. I boka *Noregs låver* er heile tre låver i Røldal med. Forfattar Eva Røyrane tok oss med på låve-vandring i Røldal, med foredrag på biblioteket etterpå.

## NYE PROGRAMGREP



**SENTRALBADET LITTERATURHUS** i Odda er eit barn av Litteratursymposiet. Litteraturen si rolle i Odda er sterkt og myteoppfunne, og det verka i si tid rett å freiste utvikle eit eige hus for litteraturen i Odda. Både fordi det var behov for den type scener, ein mellomstor arena, og som ein utviklingsambisjon for festivalen – å bli meir relevant gjennom året. Gjennom dugnadinnssats og arbeidstimer frå entreprenør og med raus stønad frå private og offentlege støttespelarar, opna Sentralbadet Litteraturhus i 2011, i den tidlegare garderoben til det nedlagde Odda smelteverk.



Huset er framleis under oppbygging. Fram til symposiet 2015 pågjekk eit nytt byggjeprosjekt: ferdigstilling av el. anlegg, lukking av tak i 1. etg., installasjon av heis til 2. etg., og som følge av det: klargjering til arr. under Litteratursymposiet i sal i 2. etg. (med midl. bruksløyve), og brukkboksal i unytta del i 2. etg. sør. Med enkle midlar tok vi i bruk større deler av huset, alt med universell utforming. Det gjorde det mogleg å ha alle arr. i 2. etg, og kafè/servering/boksal i 1. etg. Dette fungerte svært fint. Det blei meir ro til arr., og større fleksibilitet for huset.

## NYE ARENAER

Symposiet har ein ambisjon om å drive arenautvikling i Odda, og ta i bruk nye hus der det passar. Årets nykomar var svømmehallen Folkebadet, og arrangementet «Nattsvømming». Her senka vi for alvor terskelen for kva ei litterær oppleveling kan vere, og skapa ei magisk stund for og med dei badande.



### LINDEPLASSEN – symposiets mest sentrale byrom

Vi ynskja å byggje opp festivalområdet på Lindeplassen, med gratistilbod: konserter, open mic og opplesingar. Nytt program: *Poeter på plassen*, som bonus for bortfall av to arr. i Sentralbadet litteraturhus. Å byggje festivalområdet her er ein god ide, men det blei litt slapp gjennomføring første år. Vi må behandla det som ein eigen arena med klart definert program. Vi hadde matservering på plassen, noko som funka bra. For framtida vil dette vere ein bra stad for sal av gadgets, bøker etc.

Scena og opplegget var væravhengig: tidleg i veka var det dårleg ver, og folk sprang forbi. I ståalande solvær var det triveleg i byens gater med gratisarr. Vi tenker dette viser noko av styrken i festivalen: at symposiet er ein folkefest som der summen er større enn enkelthendingane.

## ÅRETS UTFORDRING: LINDEHUSET



Lindehuset er symposiets storstove for dei store arr. Det er eit sjelfullt lokale, rett til littsymp-arr. og gir ein ekstra energi til arrangement. Men: bygget er därleg vedlikehalde og råtnar på rot slik det står no. Det er lite i bruk utanom symposiet. Det vert difor stadig meir krevjande å setje det i stand til arrangement. Bluesklubben, som teknisk arrangør, uttrykkjer stor frustrasjon over huset og tilstanden.

Taket er ikkje tett, det er skite, og mugg i garderoben gjør den ubrukeleg. Brannvarslingsanlegget verkar ikkje skikkeleg, og slår stadig inn og medfører utsyrking. Temperaturen er for ustabil, toalettforholda er kummerlege, og dersom det regner renner det inn i huset. Tidlegare år har blueslaget ved regnvær drive med pumper og grøftegraving - det gjekk bra i år pga. godt vær, men vil gje oss hovudbry framover om det ikkje vert tatt tak.

## MEDIEDEKKING



Mediedekkinga frå Litteratursymposiet 2016 var relativt god. NRK Hordaland hadde direktesendt formiddagsending fredagen, med inviterte gjester, musikk og opplesingar knytt til symposiet. Dei var òg tilstade med filmoptak frå Nattsvømminga, eit innslag som vart mykje delt frå NRK.no via sosiale medie. Lokalmedia i Odda og omegn, Hardanger Folkeblad og Radio Folgefond, hadde ei fyldig og god dekking før, under og etter symposiet. Avisa Hordaland og andre regionale medie omtala festivalen i forkant. Notiser i riksdekkande aviser. NRK P2-programmet Salongen sendte live frå Odda, og snakka mykje om Odda i programma utover hausten. Dag & Tids utsende blei verande heile helga og hadde ei fyldig 3-siders reportasje veka etter. Bergens Tidene hadde forhåndsamtale og kommentarstoff.

The collage contains several newspaper articles and photographs from different media sources. At the top left is a photo of a man standing outside a building. In the center is a large headline 'Stor symposie-sukcess' from 'HARDANGERFOLKEBLAD'. To the right is a photo of a man in a room. Below these are smaller photos of people on stage and in audience seating. The text in the articles is mostly in Norwegian and discusses the success of the symposium, the authors present, and the performances.

Som tidlegare år ser vi at #littsymp blir ein snakkis på bloggar, Twitter og andre sosiale medium. T.d. omtala Drammens bibliotek sin utsende symposiet i fyldige reisebrev: «Det finnes mer enn 50 litteraturfestivaler i Norge, og den aller flotteste ligger innerst inne i en fjordtarm på Vestlandet». Les meir på: <http://dbib.no/?s=litteratursymposiet>

Vi har engasjert eigne folk til å twitre og poste på Facebook og Instagram, og opplever god dialog med brukarane. Dette er eit felt vi kjem til å jobbe meir med framover.

## OPPSUMMERING/ VURDERING

Litteratursymposiet i Odda 2015 vart nok ein suksess, med god publikumsoppslutting, bra gjennomføring og god økonomi. Det er likevel nokre skjør i sjøen:

Økonomisk er festivalen enno ganske skjør, og resultatet vekslar veldig: I 2014 gjekk Litteratursymposiet i Odda 2014 med eit underskot: frå tidlegare år har symposiet hatt eit bufferfond på 143 000 å tæra på til vanskelegare tider. Etter at desse no vart brukt opp, vart resultatet -17 000. I 2015 har vi altså over 200 000 til gode. (sjå avsnitt om økonomi).

Ei stor del av løvyingane til det kunstnariske innhaldet er avhengig av nye søknader år for år, både kulturrådet og Fritt ord og andre. Då må det både finnast ressursar til å skrive søknader, og ei vilje ute til å satse på litteraturfestivalar. Av «faste midlar» bidreg Odda kommune med 300 000 kr årleg. Dette gjev nok stabilitet til å kunne engasjere festivalleiar. Ressursane som blir nytta frå det kommunale systemet er avhengig av at det er politisk og administrativ vilje til å satse på symposiet i kommunen.

**Bemanning:** Den litterære satsinga i Odda er no så ambisiøs og så omfattande at det er for stort arbeid for ein person i ei 50 % stilling. I dag er festivalleiar i tillegg den som i realiteten drifter Sentralbadet litteraturhus. Tidlegare år har festivalleiar av eige interesse jobba utover dei 50 % som ligg i stillinga, men i vinter har ho avspasert rettmessig og brukte mykje tid på Sentralbadet, noko som har ført til mindre arbeid med Litteratursymposiet ( både rapportering og planlegging)

Arbeidet har vore naudsynt for å styrke stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus som organisasjon, og har gitt gode resultat:

### OM SENTRALBADET LITTERATURHUS



På grunn av manglande driftsmidlar har ein ikkje oppnådd den litterære aktiviteten i huset som ein såg for seg ved opninga i 2011. I 2013 vart det etablert eit venelag for Sentralbadet. Dette har vore oppfølging av vidare byggearbeid og til administrasjon av utleie til møte og arrangement, samt medhjelparar til arrangement og andre tilstellingar.

Ambisjonen er å etablera Sentralbadet som det Litteraturhuset det var meint å vera. I første omgang er målet eit månadleg, relevant arrangement. Med relevante arrangement tenker vi på bokpratar, opplesingar, samtaler, skrivekurs o.a. Fritt ord har løvd 100 000,- til dette i 2016. Kulturrådet v/ Rom for kunst løvd 165 000,- til inventar og utstyr i huset, og i mai fekk Sentralbadet 100 000,- i Hjartebank for Hardanger-midlar frå Sparebanken Vest.

Skal Odda framleis ha Litteratursymposium og eit aktivt Litteraturhus, er det nødvendig å vidareføre og styrke staben profesjonelt. Det er eit sterkt behov for ein ekstra person, fleire hender og hovud i arbeid, i oppkjøyringa til festivalen, og til å drifta den litterære satsinga gjennom året.

I tida framover vil det vera naudsynt å jobba med å få på plass fleire samarbeidspartar. Vi

må sjå vidare på organisasjonsmodeller og koplinga til Sentralbadet Litteraturhus og den øvrige kultursatsinga i Odda.

Dei gledelege økonomiske resultata i 2015 viser at det kan vere rom for å engasjere fleire folk i staben.

## FRAMTIDSPLAN

Arbeidet med program for Litteratursymposiet i Odda 2016 er godt i gang.

Tema i 2016 er HJELP! I tillegg til å halde fram som arbeidet som vanleg, kjem vi til å ha særskild fokus på følgjande oppgåver:

- Vurdere organisasjonen og organisasjonstilknytinga
- Utvikle samarbeidet med Odda ungdomsskule og Odda Vidaregåande skule.
- Strammere regi på enkelte arrangement
- Digitale litteratursymposium: Streaming og opptak, videoproduksjon både i forkant, under og etter festival. Sosiale medium.
- Etablere ei gruppe av superfrivillige for festivalen, som kan ta større ansvar.

## SLUTTORD

Nok ein gong har Litteratursymposiet skapt begeistring, undring, latter, provokasjon og ettertanke gjennom fem dagar med litteratur i Odda.

Litteratursymposiet har kvart år vist at vi kan skape vekst og bidra til eit positivt omdømme for Odda og området rundt.

Programmet viser at vi kan fornye oss og vere ein inspirerande møteplass for forfattarar og publikum. Festivalen er godt etablert, både i folks bevisshet, og apparatet som er bygd opp rundt logistikken verker bra.

Litteratursymposiet har eit godt ord blant forfattarar og musikarar, og har mange gjengangarar både blant publikum og forfattarar.

**Vi takkar våre sponsorar og samarbeidspartnarar for bidraga til festivalen , og håper på eit fruktbart samarbeid i tida som kjem.**

FOTO I RAPPORT: Marina Sorohan, Ane Wathne, Renate Aase Espe, Helge Skodvin.

## VEDLEGG 1 – ØKONOMIOVERSIKT // REKNESKAP Litteratursymposiet i Odda 2015:

- PROSJEKTRAPPORT, 12503 – Litteratursymposiet i Odda, jan 2015 – des 2015
- REKNESKAP som viser resultat i forhold til innsendt budsjett
- LØN: Oversikt over lønsbilag og føring av løn.

Odda kommune sin rekneskap er godkjend av revisor.

## VEDLEGG 2 – KATALOG FOR LITTERATURSYMPOSIET I ODDA 2015

## REKNEKAPSOVERSIKT Litteratursymposiet 2015

**Merknad:** som nemnd i økonomidelen av rapporten vart 75 000 av løna til festivalleiar ved ein feil ikkje førd på prosjektet. Her viser vi ei oversikt over resultat med og utan rett løn. Sum utgifter med feilført løn stemmer med rekneskapsrapporten, medan resultat med rett løn er det reelle resultatet for littsymp2015.

### UTGIFTER, i kr.

KVA	BUDSJETT	med rett løn	FØRT FEIL LØN	KONTO	MERKNAD
Løn festivalleiar	280000,00	303600,00	216196,00	div. lønskontoer	(inkl. sos. Kostn.)
Anna løn	20000,00	6108,94	6108,94	10370,103	
annonser/reklame	35000,00	48949,60	48949,60	11400	
Trykking/kopiering	50000,00	30576,00	30576,00	11401	
informasjonsmateriell	80000,00	136329,39	136329,39	11403	
Lyd/ teknikk	120000,00	92000,00	92000,00	del av 11200	
honorar lønnsutbet	50000,00	71710,00	71710,00	10500	
Honorar	650000,00	597503,60	597503,80	12700	
Reise, reisekning	80000,00	26330,39	26330,39	11600, 11500, 11701	
Opphald/ overnatting	130000,00	82388,52	82388,52	11206	
TRANSPORTUTGIFTER	90000,00	85626,80	85626,80	11700	
Inventar og utstyr	7000,00	10144,40	10144,40	12000, 11954	
Telefon, data	3000,00	2863,19	2863,19	11304	
Innkjøp bøker	10000,00	40293,81	40293,81	12004	
Lokalleige	15000,00	24800,00	24800,00	11900	
matvarer	15000,00	8075,78	8075,78	11150	
Servering	125000,00	117263,50	117263,50	11151	
Produksjonskostnader	30000,00	32844,52	32844,50	del av 11200, 11701, 11950, 11301, 11303	
Diverse	30000,00				
<b>Totalt utgifter:</b>	<b>kr 1 820 000,00</b>	<b>kr 1 717 408,44</b>	<b>kr 1 630 004,62</b>		

**INNTEKTER, i kr.**

FRÅ KVEN	DETALIER	BUDSJETT	REKNISKAP / SALD C KONTO	MERKNAD
Norsk kulturråd		450 000	440000	17000
Odda kommune		kr 300 000	<b>21105,82</b>	Rammetilskot 300 000
Ullensvang herad		kr 30 000	30000	17500
Hordaland Fylkeskommune		208 000	208000	17300
Hordaland Fylkeskommune			12302	17300 Ref. av utlegg seminar
<b>PRIVATE SPONSORAR</b>		385 000	385000	17700, 17701
Visjon Vest		100 000		
Fritt ord		150 000		
NLI		5 000		
Odda energi		25 000		
oddaplast		5 000		
Odda By		15 000		
NFF		40 000		
Halldor O Opdals fond		10 000		
NOPA tilskot		30 000		
fargerike torkelsen		5 000		
Bill.intekter		410 000	491454	16290
Salsinntekter bøker		15 000	32686	16201
andre salsinntekter		25 000	9456,8	16502, 16500 tskjorter, servering mm
<b>SUM inntekter</b>	<b>kr</b>	<b>385 000,00</b>	<b>kr 1 823 000,00</b>	<b>kr 1 630 004,62</b>

**RESULTAT**

**RESULTAT (til fond)**

	Inn-ut	Forbrukt av ramma på 300 000
<b>BALANSE med feil lønn</b>	kr 0,00	21105,82
<b>BALANSE med rett løn</b>	kr -87 403,82	108509,64

**Inn-ut**

Forbrukt av ramma på 300 000

**278894,18**

**191490,36**

ODDA KOMMUNE  
Prosjektrapport

Konto	Konto(T)	Ansvær	Tjeneste	Regnskap	Opprinnelig budsjett	Budsjettendringer	Justert budsjett	Avvik
10100	Fast lønn	2410	3850	58 153,84	0,00	0,00	0,00	-58 153,84
10207	Andre avtalefesta tillegg vikarer	2410	3850	1 691,20	0,00	0,00	0,00	-1 691,20
10300	Ekstrahjelp	2410	3850	4 417,74	0,00	0,00	0,00	-4 417,74
10301	Engasjement	2410	3850	0,00	0,00	229 000,00	229 000,00	229 000,00
10500	Andre lønn	2410	3850	168 628,05	0,00	50 000,00	50 000,00	-118 628,05
10901	Pensjon	2410	3850	31 784,73	0,00	52 800,00	52 800,00	21 015,27
10990	Arbeidsgiveravgift	2410	3850	28 839,16	0,00	35 200,00	35 200,00	6 360,84
11150	Matvarer	2410	3850	8 075,78	0,00	11 000,00	11 000,00	2 924,22
11151	Servering	2410	3850	117 263,50	0,00	125 000,00	125 000,00	7 736,50
11200	Annæ forb.mater./tjenest	2410	3850	124 964,72	300 000,00	-150 000,00	150 000,00	25 035,28
11206	Utg.dekn. ikke oppg.plikt	2410	3850	82 388,52	0,00	130 000,00	130 000,00	47 611,48
11301	Porto/ bankgebyr	2410	3850	37,40	0,00	0,00	0,00	-37,40
11303	Datakommunikasjon	2410	3850	318,40	0,00	0,00	0,00	-318,40
11304	Mobiltelefon	2410	3850	2 863,19	0,00	3 000,00	3 000,00	136,81
11400	Annonsør/reklame	2410	3850	48 949,60	0,00	35 000,00	35 000,00	-13 949,60
11401	Trykking/ kopiering	2410	3850	30 576,00	0,00	50 000,00	50 000,00	19 424,00
11403	Informasjonsmateriell	2410	3850	136 329,39	0,00	80 000,00	80 000,00	-56 329,39
11500	Oppl./kurs ikke oppg.pl.	2410	3850	2 379,26	0,00	0,00	0,00	-2 379,26
11600	Kost/opphold/reiseutg.	2410	3850	23 267,00	0,00	80 000,00	80 000,00	56 733,00
11700	Transportutgifter	2410	3850	85 626,80	0,00	90 000,00	90 000,00	4 373,20
11701	Drift egne transp.midler	2410	3850	684,13	0,00	0,00	0,00	-684,13
11900	Leie av lokaler	2410	3850	24 800,00	0,00	15 000,00	15 000,00	-9 800,00
11950	Avgifter,gebyrer,lisenser	2410	3850	24,00	0,00	0,00	0,00	-24,00
11954	Driftsavtaler lisens dataprogrammer	2410	3850	7 106,40	0,00	0,00	0,00	-7 106,40
12000	Inventar og utstyr	2410	3850	3 038,40	0,00	7 000,00	7 000,00	3 961,60
12004	Bøker Folkebibliotek	2410	3850	40 293,81	0,00	10 000,00	10 000,00	-30 293,81
12700	Konsulenttjenester	2410	3850	597 503,60	0,00	670 000,00	670 000,00	72 496,40
14290	Merverdiavgift utenfor mva-loven	2410	3850	102 960,05	0,00	0,00	0,00	-102 960,05
16201	Avgiftsfritt salg u/opprågsøver	2410	3850	-32 686,00	-15 000,00	-15 000,00	17 686,00	
16290	Billettintekter	2410	3850	-491 454,00	-410 000,00	-410 000,00	81 454,00	
16500	Avg.pliktig salg	2410	3850	480,00	0,00	0,00	-480,00	
16502	Kontantsalg m/mva	2410	3850	-9 936,80	0,00	-25 000,00	-25 000,00	-15 063,20
17000	Refusjoner fra staten	2410	3850	-440 000,00	-450 000,00	-450 000,00	-10 000,00	

Konto(ikkje lik) : 17280 ; Periode(større enn eller lik) : 201501 ; Periode(mindre eller lik) : 201512 ; Prosj(ikk) : 12503 ; Firma(ikk) : OK

Konto	Konto(T)	Ansvar	Tjeneste	Regnskap	Opprinnelig budsjett	Budsjettendringer	Justert budsjett	Avvik
17290	Mva.kompensasjon, drift	2410	3850	-102 960,05	0,00	0,00	0,00	102 960,05
17300	Refusjoner fra fylkeskomm	2410	3850	-220 302,00	0,00	-208 000,00	-208 000,00	12 302,00
17500	Refusjoner fra kommuner	2410	3850	-30 000,00	0,00	-30 000,00	-30 000,00	0,00
17700	Refusjoner fra andre (private)	2410	3850	-380 000,00	0,00	-385 000,00	-385 000,00	-5 000,00
17701	Ref. fra andre m/oppragsgiver	2410	3850	-5 000,00	0,00	0,00	0,00	5 000,00
<b>12503</b>	<b>Litteratursymposiet</b>			<b>21 105,82</b>	<b>300 000,00</b>	<b>0,00</b>	<b>300 000,00</b>	<b>278 894,18</b>
				21 105,82	300 000,00	0,00	300 000,00	278 894,18

Konto(ikkje lik) : 17280 ; Periode(større enn eller lik) : 201501 ; Periode(mindre eller lik) : 201512 ; Prosj(lik) : 12503 ; Firma(lik) : OK

Ressnr(T)	Lønnart	Lønnart(T)	Ant/Gr.lag	Beløp	Konto	Ansvar	Tjeneste	Prosjekt	Bilagsref	Periode
Ystanes, Ingvild	1003	Nye stillinger/ Engasjé	50,00	18 750,00	10301	2410	3850		0	201509
Ystanes, Ingvild	1003	Nye stillinger/ Engasjé	50,00	18 750,00	10301	2410	3850		0	201510
Ystanes, Ingvild	1003	Nye stillinger/ Engasjé	50,00	18 750,00	10301	2410	3850		0	201511
Ystanes, Ingvild	1003	Nye stillinger/ Engasjé	50,00	18 750,00	10301	2410	3850		0	201512
				<b><u>75 000,00</u></b>						
Ystanes, Ingvild	2000	Timelønn	75,00	17 307,69	10500	2410	3850	12503	45500395	201501
Ystanes, Ingvild	2000	Timelønn	75,00	17 307,69	10500	2410	3850	12503	45501068	201502
Ystanes, Ingvild	2000	Timelønn	75,00	17 307,69	10500	2410	3850	12503	45503096	201506
Ystanes, Ingvild	2000	Timelønn	75,00	17 307,69	10500	2410	3850	12503	45503912	201507
Ystanes, Ingvild	2000	Timelønn	75,00	17 307,69	10500	2410	3850	12503	45504359	201508
Ystanes, Ingvild	2010	Ekstrahjelp	23,50	5 423,08	10300	2410	3850	45501099		201502
Ystanes, Ingvild	2040	Vikar vakkant stilling	18,75	4 326,92	10100	2410	3850	12503	45501508	201503
Ystanes, Ingvild	2040	Vikar vakkant stilling	56,25	12 980,77	10100	2410	3850	12503	45501631	201504
Ystanes, Ingvild	2040	Vikar vakkant stilling	75,00	17 307,69	10100	2410	3850	12503	45502110	201504
Ystanes, Ingvild	2040	Vikar vakkant stilling	75,00	17 307,69	10100	2410	3850	12503	45502462	201505
Ystanes, Ingvild	5000	Ordinære feriepeng	0,00	24 092,28	23375030			0	201506	

116 - 2016

116-2016  
Odda kommune  
PERSONAL